

### **Innleiing**

I våre dagar er mange opptekne av gjenbruk, fornybar energi og kortreist mat. Gamle klede blir omsyddde, og mat frå lokale produsentar er ettertrakta. Innafor design er det in å setje gamalt sammen med nytt, og det tradisjonelle sammen med moderne uttrykk. Gamle gjenstandar kan gjere seg godt å ha til pynt i våre moderne stover, men kan óg få nye bruksområder og såleis nytt liv. Mange som ikkje har hatt interesse for gamle gjenstandar i utgangspunktet, fattar gjerne interesse når dei ser den gamle riva bli brukt som knagg på veggen, eller den gamle trebøtta blit til ein lampeskjerm.

Innafor den tradisjonelle folkemusikken her til lands er me heldige å ha mange dyktige utøvarar og formidlarar, og folk som driv med dokumentasjonsarbeid. Takka vere alle desse har me større kunnskap om og lettare tilgang til alt dette materialet, og kan gå på konsertar og nyte kortreist musikk av høgste kvalitet.

### **Idè og utføring**

Det kommande året ynskjer eg å vidareutvikle ideen om å bruke vår lokale tradisjonsmusikk i ein ny kontekst. Tidlegare har eg i stor grad arrangert og spelt denne musikken med ulike besetningar, men eg vil no gå eit skritt vidare. Med eit sideblikk til det å fornye, sy om og det å gi skape nye bruksområder vil eg prøve å gjere litt av det samme med folkemusikken.

I fyrste omgang vil bruke tid til å leite fram materiale frå arkivopptak og ellers tilegne meg stoff frå lokale folkemusikarar som t.d. Leif Rygg, Knut Hamre og Berit Opheim. Med eit nøye utplukka råmateriale vil eg så ta det med til sette saman ei gruppe musikarar på nasjonalt høgt nivå, og på tvers av musikksjangrar, samt ein komponist. Eg vil óg bruke gamle arkivopptak i si opprinnelege form som eit musikalsk element. Med ei sterk tru på at musikk av høg kvalitet på ingen måte kan øydeleggjast, vil eg saman med desse musikalske designarane prøve å skape nye verk basert på gamle verk, med tradisjonesmaterialet som hovudfokus.

Til produksjon blir det søkt støtte frå Norsk Kulturråd, Fond for utøvende kunstnere og Fond for Lyd og Bilde, og eg vil prøve å gå i samarbeid med ein eller fleire av dei store festivalane i vår region, som t.d. VossaJazz, Osafestivalen eller Festspillene i Bergen.

### **Mål:**

Det ligg naturlegvis ein personleg motivasjon til grunn, og det er moglegheita til å få utvikle eit nytt musikalsk uttrykk i samspel med gode musikarkollegaer frå fleire sjangrar. I tillegg tilegnar eg meg mykje nytt tradisjonsmateriale som eg vil ta med meg vidare i musikk-karriera. I tillegg til dette, så ser eg mange gode ringverknadar rundt eit slikt prosjekt. Eg ser for meg at dette kan bli eit konsept som kan vandre vidare til andre regionar med nye musikarar og med anna materiale, basert på ein produksjons-mal som me utarbeidar. Med tanke på å spre tradisjonsmusikken ut til eit større publikum, så kan slike prosjekt som

dette vere med på å pirre nysgjerrigheita for tradisjonsmusikk på ein alternativ måte. I tillegg vil óg medmusikarar innafor andre sjangerar tileignar seg dette materialet, og forhåpentlegvis fatte ei større interesse for bruk av tradisjonsmusikk i sitt virke, uansett sjanger. Ein sterk motivasjon for dette arbeidet har eg fått etter mange opphald i Skottland dei siste 8 åra, der kunnskapen og forståelsen for folkemusikk finns i langt større grad óg blant musikarar innafor andre sjantrar. Dette resulterer i imponerande produksjonar på tvers av sjangerar der folkemusikken ikkje berre blir brukt som eit musikalsk grunnlag, men óg blir behandla med aller største respekt.